



ÅRSMELDING 2016

FOR KONTROLLUTVALET

I

STORD KOMMUNE



Bilde frå nettsida til Stord kommune.

1 Føremål og oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet har som oppgave å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet.

«Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.»

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 har hatt ein ekstraordinær start når det gjeld samansetnad. I skrivande stund har det vore val av kontrollutval fem gonger på det første halvanna året av fireårsperioden:

Kst. møte	Sak	Merknad:
22.10.2015	PS 53/15	Val av første kontrollutval for perioden 2015-2019. Sjå samansetnad nedanfor - pr. årsskiftet 2015/16.
25.02.2016	PS 09/16	Desse går ut: Margareth Ottesen (STL) og Knut Vikane (Sp) Inn: Thor Gunnar Bjelland (STL) og Anna Herborg Førland (Ap)
26.05.2016	PS 35/16	Thor Gunnar Bjelland (STL) får permisjon til 30.06.2017. Første vara, Christoffer Rafdal (Ap) overtek då plassen.
24.11.2016	PS 88/16	Alle unnateke Anna Herborg Førland (Ap) går ut. Sjå samansetnad nedanfor - pr. årsskiftet 2016/17.
16.02.2017	PS 06/17	Ut går: Stig Tommy Bertil Ling (FrP) Inn kjem: Odd Ståle Larsen (FrP)

Medlemmar pr. 01.01.2016:

Reidun Aasheim (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Nils Gunnar Waage (Frp)	nestleiar
Margareth Ottesen (STL)	medlem
Pål Ankervold Ap)	medlem
Knut Vikane (Sp)	medlem

Medlemmar pr. 31.12.2016:

Fredrik Litleskare (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Stig Tommy Bertil Ling (Frp)	medlem
Thor Gunnar Bjelland (STL)	medlem, i permisjon til 30.06.17
Peggy Husevik Bærøy	Fast i permisjonstida. Er nestleiar.
Anna Herborg Førland Ap)	medlem
Tarjei Haga (Ap)	medlem

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2016

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 7 møter i 2016, mot 5 møter året før, og handsama 70 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet. Ordførar møtte i eit av møta i 2016.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pkt.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggast til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredsstillir utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trong for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Stord kommune. Hogne Haktorson har vore sekretær på møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, og Samnanger.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbodskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 24.11.16 (sak PS 86/16):

«Hordaland fylkeskommune vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2år».

5 Revisjonstenesta og revisjonsordninga

Revisjonstenesta.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Stord kommune. Noverande avtale gjeld fram til 30.06.17. Arbeid med ny utlysing av konkurranse er såleis starte opp haust 2016. Utvalet arbeidde ut frå mandat frå kommunestyret av 20.11.14. (sak PS 68/14). Evaluering, innstilling og vedtak om revisor vil bli gjennomført våren 2017.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Else Holst-Larsen. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

Revisjonsordninga.

Parallelt med konkurranse om å bli revisor for ny avtaleperiode, vart revisjonsordninga vurdert. Kommunestyret tinga sak om å vurdere revisjonsordninga i møte 20.10.16 (sak PS 70/16).

Vedtaket baud på utfordringar då ein på den tida skulle lysa ut konkurranse om revisjonstenestene frå 01.07.17, saman med fire andre kommunar. Og så skulle det samstundes vurderast om dette var måten ein skulle gjera det på i Stord kommune.

Konkurransen måtte gå sin gang, medan vurderinga pågjekk. Sekretariatet utgreidde saka, kontrollutvalet innstilte og kommunestyret fatta slik vedtak i møte 22.12.16. (sak PS 97/16):

1. Stord kommune gjennomfører den pågåande konkurranse om revisjonstenester for avtaleperioden 01.07.17. – 30.06.21.
2. Stord kommune legg til grunn at interkommunale revisjonsselskap (IKS) – fortrinnsvis i Hordaland/Rogaland – vert invitert til å delta i konkurransen.

Kommunestyrevedtaket gav svar om revisjonsordninga men og ei ny utfordring. Dei aktuelle revisjonsselskapa jmf. pkt. 2 måtte ein reelt sett få i tale på vesle julafta. Doffin.no, der konkurransegrunnlaget vert henta, skulle vera utilgjengeleg grunna omlegging fom. 24.12.16. tom. 01.01.17. Over nyttår var det berre 1 ½ veke til anbudsfristen. Sekretariatet fekk snudd seg rundt og kom i mål i løpet av denne dagen.

6 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT.

7 Opplæring

Hordaland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet arrangerte folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland på Solstrand i januar 2016. Her var om lag 100 deltakarar, derav dei fleste medlemmane i det nye kontrollutvalet på Stord.

Undervegs i året var det og folkevaldopplæring v/ Deloitte på eit par av kontrollutvalsmøta. Tema var om forvaltningsrevisjonar på eit møte og om rekneskapsrevisjon på eit anna møte.

8 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein relativt god måte for kontrollutvalet sine saker.

9 Arbeid med forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.
Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiding involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 84/16).

9.1 Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet starta opp forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i 2015. Prosjektplan vart handsama i møte 24.03.15, og oppstart av prosjektet vart vedteke. Etter planen skulle rapport vera klar til medio august 2015. Av fleire grunnar vart den monaleg seinka. Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 16.06.16 (sak PS 33/16), og gav slik innstilling:

Kommunen og barnevernstenesta må setta i verk følgjande tiltak:

1. Etablere tilstrekkeleg internkontroll i samsvar med forskrift om internkontroll etter barnevernloven
2. Setta i verk tiltak for å sikre, og følgje opp, at lovpålagte oppgåver blir gjennomført i samsvar med krav i regelverket og interne rutinar
3. Gjera ei vurdering av kapasiteten til barnevernstenesta
4. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane inkl. underpunkt i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kommunestyret handsama rapporten i møte 23.06.16 (sak PS 38/16). Her vart dei fire oppfølgingspunktta samrøystes vedtekne.

Handlingsplan jmf. pkt. 4 vart lagt fram for kommunestyret 20.10.16. (referatsak RS 32/16), som tok denne til orientering.

Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjonen. På bakgrunn av at noko av forbetningsarbeidet skulle gjerast ferdig hausten 2016, og dei fleste av dei resterande tiltaka i løpet av første halvår 2017, har kontrollutvalet bede om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.8.2017.

9.2 Notat.

I møte 18.04.16. (sak PS 18/16) bad kontrollutvalet Deloitte AS vurdere avtale om eigedomen Evjestrand. Notat frå revisor vart lagt fram for kontrollutvalet 06.10.16. (sak PS 53/16), og utvalet innstilte slik:

1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.
2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.
3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstiltfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.

Kommunestyret hadde notatet føre i møte 20.10.16. (sak PS 69/16), der det vart fatta slik vedtak:

1. Kommunestyret merkar seg revisor sine konklusjonar på dei fire problemstillingane som kontrollutvalet hadde bede dei om å sjå på.
2. Kommunestyret merkar seg og at rådmannen er usamd i tre av fire av revisjonen sine konklusjonar.
3. Kommunestyret ønskjer, på bakgrunn av notat og øvrig sakstiltfang, at kommunen ser på kommunalt regelverk for sal av eigedommar på nytt.
4. Kommunestyret syner til gjennomgangen av saka om Evjestrand og konkluderer med at administrasjonen har handla i tråd med Stord kommune sine interesser i reforhandlinga av 2004-avtalen.

5. Kommunestyret ber ordføreren snarast ta initiativ til at begge partar reverserer saka kring kjøp/sal av eignedomen Evjestrand, inkl. avtalen frå 2004, og slik gjenoppretter omdømme og folks tillit til Stord kommune.
6. Kommunestyret ber så rådmannen starte ny prosess for å vurdere om sal av Evjestrand er mest føremålstenleg for kommunen.
7. Om konklusjon på pkt. 6 er at sal bør gjennomførast, føreset kommunestyret at denne vert handsama og dokumentert i samsvar med gjeldande regelverk.

Kontrollutvalet er innstilt på å forhøyra seg i 2017 om oppfølging av vedtaket, men er kjent med at det har funne stad oppfølging relatert til pkt. 5 overfor.

9.3 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet har ikkje handsama saker i 2016 om oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapportar.

10 Arbeid med selskapskontroll. Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."

Deloitte AS har i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, leia arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll i Stord kommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøter, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til kommunestyret på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 85/16).

10.1 Prosjekt innan selskapskontroll, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk.

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2016 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

11 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Stord kommune.

Rekneskap for Stord hamnestell for 2015:

Rådmann, økonomisjef og einingsleiar Inge Espenes var tilstades, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapan vart handsama i møte 25.05.16.

Kontrollutvalet merka seg dette i saka:

Stord hamnestell har for 2015 driftsinntekter på kr. 9.467.507 og positivt driftsresultat på kr. 552.815. Det gjev eit driftsresultat på 5,84 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Følgjande vedtak vart fatta:

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2015, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

Rekneskap for Stord kommunale eigedom KF for 2015:

Rådmann, økonomisjef og tidlegare dagleg leiar i Stord Kommunale Eigedom KF, Arne Bjelland, var tilstades og svarta på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 25.05.16.

Kontrollutvalet merka seg dette i saka:

Stord Kommunale Eigedom KF har for 2015 driftsinntekter på kr. 89.556.120 og positivt netto driftsresultat på kr. 4.023.448. Det gjev eit driftsresultat på 4,49% (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Følgjande vedtak vart fatta:

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord Kommunale Eigedom KF for året 2015, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

Rekneskap for Stord vatn og avlaup KF for 2015:

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet då årsrekneskapen vart handsama i møte 25.05.16.

Kontrollutvalet merka seg dette i saka:

Stord vatn og avlaup KF har for 2015 driftsinntekter på kr. 95.586.879, netto driftsresultat på kr. 13.347.195. og rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk på kr. 0,-.

Stord kommune bør vurdere reduserte satsar på avløpsområdet, dersom ikkje investeringane aukar tilstrekkeleg til å etterleva retningslinene.

Følgjande vedtak vart fatta:

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord Vatn og Avlaup KF for året 2015, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
2. Utvalet oppmodar Stord kommune å vurdere reduserte satsar på avløpsområdet, desom ikkje investeringane aukar tilstrekkeleg til å etterleva retningslinene
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

Årsrekneskap for Stord kommune for 2015:

Kontrollutvalet handsama i møte 25.05.2016, i sak 27/16, årsrekneskapen i Stord kommune for 2015. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka og svarta på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna gjeve slik uttale til rekneskapen:

Av rekneskapen for 2015 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 30.612.826, dvs. netto resultatgrad på 2,52 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 3,0% i 2015. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein frå og med 2014 bør ha netto resultatgrad på 1,75% (tidlegare 3,0%).

For Stord kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2011 (-0,14%), 2012 (+1,74%), 2013 (+3,19%), 2014 (+0,91%) og 2015 (2,52%). Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2015 er betre enn tilrådinga frå TBU og litt under snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.

Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Stord kommune har ei høg lånegjeld tilsvarande 122,2 % av sum driftsinntekter, altså langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet kun på 0,34 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Stord kommune ei ganske stor lånegjeld og eit disposisjonsfond godt under tilrådingar frå Riksrevisjonen, medan netto driftsresultat vart betre enn tilrådd av TBU for 2015.

I oppsummering og tilråding frå kontrollutvalet står følgjande:

- Totalt sett har Stord kommune ei ganske stor lånegjeld og eit disposisjonsfond godt under tilrådingar frå Riksrevisjonen, medan netto driftsresultat vart betre enn tilrådd av TBU for 2015.
- Forhold som gjeld etikk bør vera lettare tilgjengeleg i framtidige årsmeldingar.
- Det vil styrka årsmeldinga dersom det vert informert i eit oppsummerande punkt om rådmannen sin internkontroll, tilsvarande som at det er eit eige punkt om likestilling.
- Årsmeldinga må vera klar innan den nasjonale fristen som er 31. mars.
- Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.
- Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka samt revisjonsmeldinga av 15.04.2016 og revisjonsrapport nr. 18 dagsett 18.04.2016, har kontrollutvalet ikkje merknader til Stord kommune sin årsrekneskap for 2015.

Det vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap for 2015.»

12 Skatteoppkrevjarfunksjonen

Kontrollutvalet handsama årsrapport for 2015 og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune i sitt møte 02.03.16. Utvalet merka seg positiv auke i tal gjennomførte arbeidsgjevarkontrollar siste åra, og at kommunen nådde resultatkravet på kontroll av 5% av tal arbeidsgjevarar for 2015.

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Stord kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport 2015 frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

13 Andre saker / orientingssaker i kontrollutvalet i 2016

- Idrettspolitikken i Stord kommune
- Budsjettbrev frå Fylkesmannen i Hordaland
- Møterett for kontrollutvalet i generalforsamlingar
- Teieplikt for utvalsmedlemane
- At det er utvalsleiar som uttalar seg til media på vegne av kontrollutvalet.
- Rekneskapsrapport for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2015
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2016
- Forslag til budsjett for kontroll og tilsyn i Stord kommune for 2017
- Årsmelding 2015 for kontrollutvalet
- Melding om budsjettrevisjonar og tertialrapportar

Stord, 04.04.2017

Fredrik Litleskare
Kontrollutvalsleiar